

## Vil gjere det betre for ku, kalv og mjølkeprodusentar

NORSØK på Tingvoll ønskjer å utvikle smart teknologi for å effektivisere mjølkeproduksjonen og samtidig betre velferda for ku og kalv. Prosjektet får støtte frå Regionale forskingsfond Møre og Romsdal.

Publisert 25.06.2020

Del  | Last ned 



I dagens kufjøs er det vanleg at kalven blir skilt frå mora og plassert i bingje med det same han er fødd. Mange er kritiske til slik tidleg avvenning og meiner at det ikkje er foreinleg med god dyrevelferd. Dette vil NORSØK gjere noko med. -Vi vil undersøke om ikkje dyras naturlege åtferdsmønster kan utnyttast i staden for kompliserte og dyre styringsssystem, seier prosjektansvarleg i NORSØK, Turid Strøm.

### Enkel løysing for alle fjøs

Målet er å få på plass eit velferdssystem for ku og kalv som kan takast i bruk i alle fjøs og alle mjølkesystem, til minst mogleg investering og ombygging.

-Vi vil teste ut om vi kan etablere soner i fjøset som er så attraktive at kalvane vil opphalde seg der mesteparten av tida, men samtidig kunne gå til mora for å die. Etter 35 dagar vil kalvane bli skilt frå kyrne, slik at dei ikkje lenger kan die, men likevel ha ein form for kontakt.

### Måling og observasjon

For å finne ut om dette er ein farbar veg, skal ein undervegs måle både tilvekst hos kalvane, mjølkeleveranse, mjølke kvalitet og fôrforbruk. Åtferdsobservasjonar og videoovervaking av dyra skal vise om dette gjev meir naturleg åtferd og betre dyrevelferd. -Dersom vi greier å utvikle mindre arbeidskrevande driftsopplegg, samtidig som vi betrar dyrevelferden, vil dette auke konkurransekrafta i mjølkeproduksjonen og bidra til eit betre omdømme i næringa. Vi trur også dette kan bidra til å oppretthalde eller auke talet på mjølkeprodusentar i regionen, seier Strøm.

Prosjektet er eit samarbeid mellom NORSØK, Landbruk Nordvest, bønder i Møre og Romsdal og FjøsSystemer AS.

Vil gjere det betre for ku, kalv og mjølkeprodusentar

<https://www.regionaleforskningsfond.no/more-og-romsdal/om-rff-more-og-romsdal/nyheiter-rff-more-og-romsdal/nyheiter-2020/vil-gjere-det-betre-for-ku-kalv-og-mjolkeprodusentar/>

RFF Møre og Romsdal støttar prosjektet med 700 000 kroner. Her er ei oversikt over [alle prosjekta som fekk kvalifiseringsstøtte](#) frå RFF-støtte ved forrige tildeling.

---